

Det Kongelige Kunnskapsdepartement

Vår saksbehandler: Eva Østvik
Vår ref.: 984333 (2017_00620)

Vår dato: 05.10.2017
Deres ref.: 17/3897
Medlemsnr.:

Høringssvar: VS: 17/3897 Høring Forslag om endringer i opptaksforskrifta

Norsk Sykepleierforbund (NSF) takkar for mottatt høring på forslag på forslag om endringer i opptaksforskrifta. NSF har følgande innspel til kapittel 2. § 2-4 Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning, og kapittel 7. § 7-9 Tilleggspong for det underrepresenterte kjønn:

Kapitel 2. Generell studiekompetanse § 2-4 Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning

NSF er kritisk til forslaget om å fjerne kravet om norsk, og at søkjarar til høgare utdanning som har fullført 2-årig fagskoleutdanning, automatisk får generell studiekompetanse, og at kravet om norsk blir fjerna. Forslaget tyder på manglande forståing både om norskfaget sitt innhald og forventande forkunnskapar for å kunne lykkes i høgare utdanning. Spesielt innan helsetenestene er det krav om svært gode kommunikasjonsevner, men norskkrav som del av en studiekompetanse handlar om meire enn å gjere seg forstått på norsk. I helsetenesta krevst det meire enn kvardagsleg språk for å kunne tileigne seg fagkunnskap, gjere seg forstått, forstå, lytte og formidle. Det handlar om kultur og tradisjon, og å forstå samanhengar og relevante omgrep knyta til samfunn og yrkesutøving. Munnleg og skriftleg kommunikasjon er en sentral del av yrkesutøvinga innan helsefaga.

Dei ulike yrka innan helsetenesta blir utdanna til ulike ansvarsområde, men alle har til felles en profesjonsutøving som handlar om å møte menneske i sårbare og vanskelege situasjonar. Misforståingar kan lett oppstå sjølv om vi bruker norsk som kommunikasjonsspråk. Svake ferdigheiter i norsk, både med omsyn til skriftleg og munnleg forståing, kan også utgjere en fare for pasientsikkerheita.

Gjennom EØS-avtalen er fleire yrker innan helsevesenet bunde til regelverk i EU kor det blir angitt at man må sette de krava som er nødvendig for å sikre trygg yrkesutøving (Direktiv 2013/55/EU). Dette EU-direktivet seier at det må bli stilt krav om nødvendige språkkunnskapar som en forutsetning for profesjonsutøving i kvart enkelt medlemsland.

NSF kan ikkje støtte forslag til endringer i § 2-4 som foreslår at 2-årig fagskole gir generell studiekompetane og forslaget om å fjerne kravet om norsk frå bestemminga.

Kapittel 7. Ranging av søkjarar. § 7-9 Tilleggspong for det underrepresenterte kjønn.

Norsk Sykepleierforbund (NSF) støtter tiltak som bidrar til kjønnsbalanse, men meiner at kvotering eller kjønnspong aleine ikkje vil føre til meir likestilling blant søkjarar til høgare utdanning.



NORSK SYKEPLEIERFORBUND

Tollbugt. 22
Postboks 456
0104 Oslo

Telefon: 0 24 09
Telefaks: 22 04 32 40
E-post: post@nsf.no

www.nsf.no
Bankgiro: 1600 49 66698
Org.nr: NO 960 893 506 MVA

Faktura adresse:
sykepleierforbundet@invoicedrop.com



Digitalt godkjent av forbundsleder, 31.10.2017 - 22:25:51

I staden for å innføre kvote eller tilleggspoeng, bør ulike tiltak som til dømes rekrutteringskampanjar og profilering av karrieremoglegheiter innan yrket prøvast ut. Andre viktige tiltak kan være å formidle og fremme studiet sine faglege standardar, oppnådd kompetanse, karrieremoglegheiter og dei utfordringane yrket inneberer. Målretta studiebesøk og invitasjon til arbeidsutprøving der det underrepresenterte kjønn får vere med og delta gjennom ein arbeidsdag kan vekke interesse og nysgjerrigheit for karrierevalet.

Det kan og være behov for ein kritisk gjennomgang av utdanningas undervisningsmetodar, fagdidaktikk og pensum. Er undervisningsaktivitetane tilpassa slik at studiet appellerer til begge kjønn? Ofte er både tekst og bilde som nyttast på studia sine heimesider på internett stereotype. I staden bør ein vere bevisst biletbuk og nytte kjønnsnøytral kommunikasjon. Erfaringar viser også at det kan førekome negative haldningar og barrierar til kjønn i enkelte tradisjonelle kvinne- og mannsyrke.

Studentmassen innan dei ulike studia bør gjenspeile samfunnet. Jamn kjønnsbalanse aukar trivsel og effektivitet i studia - dette er alle parter tent med, både studentar, dei tilsette og ikkje minst arbeidslivet.

Norsk Sykepleierforbund (NSF) meiner at viss kvote eller poenggrense innførast, må det være ei midlertidig løysing med ei klar målsetning og tidsavgrensing. Deretter må det gjerast ei grundig evaluering for å undersøke om tiltaket har hatt effekt. Ved innføring av kvote eller tilleggspoeng, bør det være krav om ei nedre poenggrense for søkarane og ei differensiering slik at de yngste søkarane med førstegangsvitnemål ikkje taper framfor søkar i generell kvote. Ved innføring av poenggrense bør den avgrensast til 2 poeng.

Norsk Sykepleierforbund (NSF) anbefaler at andre tiltak som bidrar til betre kjønnsbalanse må prøvast før ein nyttar kvote eller tilleggspoeng. Om ordninga innførast må den i så fall være for ei avgrensa periode, og søkjarar med førstegangsvitnemål må ikkje tape for søkjarar i generell kvote.

Med venleg helsing

Eli Gunhild By
Forbundsleiar

Kari Elisabeth Bugge
Fagsjef

Kopi: [Kopi her]



Kunnskapsdepartementet

Vår saksbehandler: Eva Østvik
Vår ref.: 991967 (2017_00781)

Vår dato: 05.10.2017
Deres ref.: 17/3897
Medlemsnr.:

Høringssvar: VS: 17/3897-4 Høyringsbrev forslag om endringer i opptaksforskrifta - Tillegg

Norsk Sjukepleiarforbund (NSF) takker for høyring på Forslag om endringer i opptaks forskrifta, datert 2. oktober. Høyringa eit tillegg til 17/3897 frå 14. august, og omhandlar Kapittel 7. Rangering av søkjarar ved opptak, § 7-10 Tilleggs poeng for alder.

NSF støtter forslaget om at søkjarar utanom kvoten for førstegongsvitnemål som har vitnemål om bestått 3-årig vidaregåande opplæring som gir studie- eller yrkeskompetanse, får 2 alderspoeng per år frå og med året *etter dei har avslutta vidaregåande opplæring*, men *uansett frå og med året søkjaren fyller 20 år*. Ein søkjar kan maksimalt få 8 poeng.

Med vennlig hilsen

Eli Gunhild By
Forbundsleder

Kari Elisabeth Bugge
Fagsjef



NORSK SYKEPLEIERFORBUND

Tollbugt. 22
Postboks 456
0104 Oslo

Telefon: 0 24 09
Telefaks: 22 04 32 40
E-post: post@nsf.no

www.nsf.no
Bankgiro: 1600 49 66698
Org.nr: NO 960 893 506 MVA

Faktura adresse:
sykepleierforbundet@invoicedrop.com



Digitalt godkjent av forbundsleder, 31.10.2017 - 22:23:10